

Gjensyn med Strilelandet etter 50 år

I 1962 besøkte amerikanske Jean Crocker-Lakness Noreg og Leknes første gong. No har ho igjen vore på besøk på garden der bestefaren utvandra frå i 1902.

Av Livar Aksnes
livar@strilen.no

– Eg hugsar ikkje så mykje frå besøket den gongen, men me reiste med båt for å koma dit, og me fekk kromkaker, og så hadde dei ein hest som heitte Melvin. Det tykte eg var morosamt, for det heitte far min og, fortel Jean Crocker-Lakness når Strilen møter henne på Vestnorsk utvandringscenter på Sletta.

Det er ho saman med ekte mannen Jim Crocker-Lakness og verten under besøket i Noreg, Henrik Brigtsen.

Nokre hugsar kanskje at Strilen skreiv om Jean i fjor sommar. Då var ho guide for norske korsongarar under World Choir Games i heimbyen Cincinnati i Ohio, USA.

Besøk igjen

Under besøket denne gongen har Jean sjølv sagt vore på Leknes for å sjå garden der bestefaren Johan utvandra frå. Der møtte ho slektningar som framleis bur på garden.

– Og denne gongen fekk eg vita at han ikkje utvandra heilt frivillig. Dei var ti søsken, og faren gav klart uttrykk for at dei ikkje kunne brødfø så mange. Difor var han glad då Johan, som då var 19 år, bestemte seg for å reisa til Amerika, men mora var lei seg, seier Jean.

Johan gjorde det godt i USA. Han jobba for eit telefonselskap og busette seg i Salt Lake City, Utah. Han gifte seg med ei norsk jente. Det var faren til Jean som flytte til Cincinnati.

– Han var svært oppteken av sitt norske opphav, fortel svigersonen Jim.

Mundal og

Under besøket denne gongen var ekteparet frå Cincinnati også på biltur til Mundal og Hopsdal. Bestemora til Jean kom frå Mundal.

– Her er så vakkert, seier Jean.

På Utvandringscenteret var dei på omvisning i dei gamle husa der, og Jean besøkte også arkivet der for å finna oppteikningar om slekta.



PÅ SLETTA: Jim og Jean Crocker-Lakness var torsdag på Vestnorsk utvandringscenter på Sletta. Til høgre verten deira i Bergen, Henrik Brigtsen.

Under besøket har dei budd hos Henrik Brigtsen i Åsane, og dei har vore på turar rundt i bergensområdet.

– Me har vore på Fløien, i Gamle Bergen og rundt i byen, fortel Jim Crocker-Lakness, som er pensjonert professor frå universitetet i Cincinnati.

Friendship Force

Ekteparet er her saman med ei gruppe på 20 frå USA, Sør-Afrika og Australia.

– Me er med i organisasjonen The Friendship Force. Gjennom den reiser me på besøk til andre land og bur privat, eller me tek mot besøk ho oss, seier Jim.

– Ja, denne organisasjonen vart starta i USA i 1951 for å skapa internasjonal forståing.

Organisasjonen har avdelingar i mange land. Me her i Bergen er den einaste i Noreg, seier Henrik Brigtsen.

I går, fredag, reiste ekteparet Crocker-Lakness tilbake til USA.

– Me skal fortelja om

turen i Cincinnati-avdeling av Sons of Norway seinare i haust, fortel dei.

Et glassklart valg for deg som liker personlig omtanke.



Med over 100 avdelinger er Riis Bilglass Norges største bilglasskjede.

Velkommen til oss når du trenger å reparere eller bytte frontruten på alle typer kjøretøy. Vi skifter bilglass uansett merke eller modell.

Riis Bilglass Knarvik
Kvassnesvegen 4 I
(samløkalisert med Fix bil)

bilglass.no
Tlf. 09009

